

# Møteprotokoll

**Utval:** Ålfotbreen verneområdestyre  
**Møtestad:** Teams  
**Dato:** 15.05.2020  
**Tidspunkt:** 10:00-12:00

## Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jacob Andre Telvik Nødseth	Leiar	Kinn
Irene Storøy	Nestleiar	Bremanger
Janne Marie Solheim	Medlem	Gloppen
Åsmund Berthelsen	Medlem	Vestland

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 7/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
RS 2/20	Ålfotbreen verneområdestyre - Referatsak - SFE og NVE sitt fleirårige helikopterløyve		2019/10793
RS 3/20	Referatsak - Status på tiltak		
ST 8/20	Eventuelt		
ST 9/20	Ålfotbreen landskapsvernområde - søknad om helikopterlanding i samband med opprydding - SFE Produksjon		2020/6940
ST 10/20	Ålfotbreen verneområdestyre - Søknad om fleirårig helikopterløyve i samband med hjortejakt		2020/4402
ST 11/20	Ålfotbreen verneområdestyre - Innspel om bokide		2020/7269
ST 12/20	Ålfotbreen verneområdestyre - Strategisk plan for styreperioden		2019/2582
ST 13/20	Ålfotbreen verneområdestyre - Møteplan andre halvår 2020		2019/2582

### **ST 7/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 15.05.2020**

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

**RS 2/20 Ålfotbreen verneområdestyre - Referatsak - SFE og NVE sitt fleirårige helikopterløyve**

**RS 3/20 Referatsak - Status på tiltak**

**ST 8/20 Eventuelt**

**Vedtak**

Kle med logo til styret

Styret er positive til kle med logoen til verneområdestyret som kan nyttast når styremedlemmer skal representere styret og verneområdet i ulike samanhengar.

Verneområdeforvaltaren skal sjå på ulike plagg og løysingar og legge dei fram for styret.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	9/20	18.05.2020

## Ålfotbreen landskapsvernområde - søknad om helikopterlanding i samband med opprydding - SFE Produksjon

### Vedtak

SFE Produksjon får løyve til inntil fem landingar med helikopter ved bremålingshytta nord for Ålfotbreen. Løyvet gjeld for perioden 1.7 – 31.12.2020 og er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3 e).

### Vilkår for løyvet:

- Motorferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Det skal ikkje flygast på laurdagar, sundagar eller heilagdaggar.
- Dette løyvet skal vere med under transporten.
- Statens naturoppsyn (tlf: 40448216) skal varslast før flyginga tek til.
- I ettertid skal det sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltar.

## **Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar**

SFE Produksjon får løyve til inntil fem landingar med helikopter ved bremålingshytta nord for Ålfotbreen. Løyvet gjeld for perioden 1.7 – 31.12.2020 og er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3 e).

### Vilkår for løyvet:

- Motorferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Det skal ikkje flygast på søndagar.
- Dette løyvet skal vere med under transporten.
- Statens naturoppsyn (tlf: 40448216) skal varslast før flyginga tek til.
- I ettertid skal det sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltar.

## **Saksutgreiing**

### **Dokument i saka:**

- Søknad om helikopterlanding ved Bremålingshytta ved Ålfotbreen
- Verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Løyve til helikopterlanding hausten 2019

### **Søknaden**

SFE Produksjon er i ferd med å fjerne restane av ei brakke som for nokre tiår sidan vart sett opp nord for sjølve Ålfotbreen, omtrent der som den noverande bremålingshytta står. Restane av brakka har lenge vore dekkja av is og snø, men har dei siste åra kome fram att i dagen grunna bresmelting. SFE Produksjon starta med dette arbeidet i fjor, men dei har enno ikkje fått transportert ut all bygningsavfallet. Mellom anna er der ein del betong som må flygast ut i fleire vender.

SFE Produksjon søker derfor om inntil fem landingar ved bremålingshytta i perioden 1. juli til 31. desember 2020.

### **Regelverk**

Motorferdsel, inkludert landing med helikopter, er i utgangspunktet forbode i Ålfotbreen landskapsvernområde. Det er likevel opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til å lande med helikopter i samband med visse føremål. Transport av bygningsmaterial er eit av desse føremåla, jamfør verneforskrifta § 3 pkt. 5.3 e):

5.3 *Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:*

*[...]*

*e) transport av material til vedlikehald og byggearbeid på hytter, bruer, klopper o.l.*

I tråd med § 7 naturmangfaldlova (nml), skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

### **Vurdering**

Ålfotbreen LVO er eit område som er prega av verksemda som kraftbransjen har og har hatt opp gjennom dei siste tiåra, både inne i verneområdet og i randsona. Det er både viktig og veldig positivt at dei installasjonar og inngrep som ikkje er i bruk eller i stand lenger vert rydda opp. Det er særst positivt at SFE Produksjon gjer dette på eige initiativ. Det er då naturleg at det er behov for helikoptertransport for å få ut avfallet.

Søkjaren har fleirårleg løyve til å lande ved hytta i samband med tilsyn og forsyningar til hytta. Men dei har ikkje ståande løyve til landing til det føremålet og i det omfanget det her er snakk om. Det er derfor forståeleg at dei har behov for eit ekstra løyve ut over den normale drifta.

Tiltaket med opprydding og uttransport av avfall og bygningsrestar er på alle måtar eit positivt tiltak. Den positive effekten av å rydde opp er vesentleg større enn den . Tal på landingar det er søkt om er rimeleg ut i frå den mengda og type avfall som skal transporterast ut.

Kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande, jamfør nml § 8. Naturbase og Artskart er sjekka ut for dette området, og dei syner ikkje sårbare naturverdiar som kan verte påverka i denne tida på året. Det er få andre gjeldande løyver til motorferdsel i området, og eit løyve til dette føremålet vil ikkje skape uheldig presedens. Sidan føremålet er opprydding, so er ein presedens heller av det heldige slaget. Samla belastning i området er derfor innanfor det som er akseptabelt (jamfør nml § 10). Bruk av helikopter er mest skånsame og einaste praktisk mogelege metode for å få gjennomført transporten. Nml § 12 er derfor oppfylt.

Nml §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	10/20	18.05.2020

## Ålfotbreen verneområdestyre - Søknad om fleirårig helikopterløyve i samband med hjortejakt

### Vedtak

Leidulv Solvang får løyve til å lande med helikopter inntil to gongar kvart år, i samband med uttransport av hjortekjøtt under jakta. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 5.3.b).

### Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under landing/transport.
- Løyvet gjeld for fire år, perioden 2020 til og med 2023.
- Landinga skal berre skje innanfor jakttida for hjort, som er 1.9 – 23.12.
- Statens naturoppsyn skal varslast før landing i verneområdet finn stad.
- Etter gjennomført flyging skal denne rapporterast til verneområdeforvaltaren.

## **Framlegg til vedtak frå forvaltar**

Leidulv Solvang får løyve til å lande med helikopter på tre ulike stader som er merka av på kart, i samband med uttransport av hjortekjøtt under jakta. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 5.3.b).

### Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under landing/transport.
- Løyvet gjeld for fire år, perioden 2020 til og med 2023.
- Landinga skal berre skje innanfor jakttida for hjort, som er 1.9 – 23.12.
- Statens naturoppsyn skal varslast (tlf: 975 95 102) før landing i verneområdet finn stad.
- Etter gjennomført flyging skal denne rapporterast til verneområdeforvaltaren.

## **Saksutgreiing**

### **Dokument i saka:**

- Søknad om helikopterlanding i samband med hjortejakt
- Kart som syner landingsplassar
- Verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Løyve til helikopterlanding 2016-2019

### **Søknaden**

Leidulv Solvang søker om løyve til å lande med helikopter på tre ulike stader i jaktterrenget i Grøndalen i samband med hjortejakt. Føremålet med landingane er å få transportert ut felt hjort som vert for tungt til å bere ut. Solvang har lagt ved kart som syner dei aktuelle landingsstadane.

Solvang har hatt fleirårige løyver til dette føremålet tidlegare, seinast for perioden 2016-2019. Han søker no om å få fornya dette løyvet for fire nye år, på like vilkår. Solvang søker derfor om løyve til å lande inntil to gonger på tre aktuelle landingsplassar. Desse landingsplassane er markert på kart som er lagt ved søknaden. Grøndalen har kvote på 11 hjort kvart år, og vil berre nytte løyvet dersom dei skyt so mange dyr at det er vanskeleg å bære kjøttet ut.

### **Forskrift og regelverk**

Motorisert ferdsle er i utgangspunktet forbode til lands og i vatn i landskapsvernområdet. Forbodet gjeld og landing med luftfartøy. Men forvaltingsstyresmakta kan gje dispensasjon frå dette forbodet i enkelte tilfelle, mellom anna i samband med storviltjakt jf. verneforskrifta §3 pkt. 5.3.b):

*Verneforskrifta § 3:*

*5.3 Forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:*

*[...]*

*b) storviltjakt*



Styret har derfor heimelsgrunnlag for å gje ein slik dispensasjon som det er søkt om.

Søkjaren må sjølv sørge for å ha på plass naudsynte løyver i frå dei regelverka som vert handsama av kommune og andre. Til dømes løyve frå kommunen i tråd med lova om motorferdsel i utmark.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan ha verknad på naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i §§ 8-12 i same lova.

### **Vurdering**

Jaktlaget i Grøndalen driv med hjortejakt på ein del stader kor det er veldig langt å transportere kjøtet ut. I dette området kan det verte skote mange dyr på ein dag, og bruk av helikopter kan i praksis vere einaste måten å få transportert kjøtet ut på ein måte som sikrar kvaliteten og tek var på den ressursen som hjortekjøt er.

Bruk av helikopter til dette føremålet er omtala i verneforskrifta med eit eige punkt der. Det er altså vurdert i verneprosessen at dette er eit føremål som ein kan gje løyve til, innan rimelege grenser. Både omfanget det er søkt om og landingsstadane er fornuftige ut i frå føremålet.

Solvang har hatt løyve i to periodar tidlegare, frå 2012 til 2015 og frå 2016 til 2019. Det har ikkje vore nokon negative tilbakemeldingar eller andre negative erfaringar med desse løyva.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saka (jf. nml § 8) bygger på erfaring med tidlegare løyve og saker i dette området, samt databasar som naturbase og artskart. Desse databasane syner ikkje nokon førekomstar eller registreringar ved landingsstadane som kan verte påverka av aktiviteten. Det kan førekome hekking av rovfugl i dette området, men sidan søknaden gjelder jakttida på hausten er ikkje det relevant for denne saka. Saka er godt opplyst og kunnskapsgrunnlaget er godt, føre-var-prinsippet i nml § 9 vert derfor ikkje vektlagt.

Den samla belastinga av motorferdsel i dette området (jf. nml § 10) er liten. Det er særst få slike saker i Ålfotbreen, og dei fleste gjeld eit veldig lite tal på turar med helikopter. Omfanget av motorferdsel er derfor lågt og den samla belastinga er godt innanfor det som er akseptabelt. Det er ikkje venta at det kan oppstå skader på naturmiljøet, jamfør nml § 11. Bruk av helikopter er den mest skånsame og i praksis einaste aktuelle metoden for å gjennomføre slik transport på (jf. nml § 12).

Arkivsaksnr: 2020/7269-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 28.04.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	11/20	18.05.2020

## Ålfotbreen verneområdestyre - Innspel om bokide

### Vedtak

Styret ser svært positivt på initiativet og ber områdeforvaltar undersøke korleis Ålfotbreen landskapsvernområde kan bidra til prosjektet, og vil kome tilbake til dette i eit seinare styremøte.

Styret inviterer Sandal til neste styremøte.

### Saksutgreiing

Forfattar og friluftsmann Arve Sandal har sendt inn følgjande innspel til styret:

*I 2018 samarbeidde vi om ei rekke reportasjar frå Ålfotbreen landskapsvernområde. Tanken vår var å lage ei bok frå det unike fjellområdet. Vi valde i staden å publisere artiklane på alftobreen.no Spørsmålet mitt er om vi skal ta opp att ideen, redigere ut det beste frå 2018 og utvide med nye reportasjar frå Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det spennande med denne koplinga er å gje ein samla presentasjon og oppleving av dei største verneområda vest for Jotunheimen. I mine auge er det også ekstra stas å presentere dei to verneområda samla fordi dei er så kontrastrike sjølv om dei ligg vegg i vegg. Frå det karrige og ville i vest til det frodige og milde i aust.*

**Frå Ålfotbreen landskapsvernområde** har vi reportasjar frå geologihistoria, klatring i Gjegenen og Maritinden, presentasjon av vassdraget frå kano over 25 vatn, turgruppe over Ålfotbreen og Gjegalundsbreen, familietur i Straumsbotnen, hjortejakt i Hyestranda, skitur frå Bukkenibba til Sølvsmedhytta, etc. Når de no byggjer ny bru ved Skarvevatnet, får eg særst lyst på ein padletur til Mettenes og vidare vandre-skitur opp til Gjegenen. Eit anna supplement kan vere klimaperspektivet for Ålfotbreen. Sidan breen er så tynn, trur klimaforskar Atle Nesje at den er borte om 40-50 år. Ei bok vil dermed vere ein viktig dokumentasjon frå tida som er i ferd med å bli historie.

**Frå Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde** ser eg føre meg at den rike floraen i det kalkrike området ved Måsevassdalen må få eit eige kapittel. Eg er også fasinert av stølshistoria med fargerike «akvarellar» frå Inste Traudalen og Fitjestøylen ved Langedalsvatnet. Snart kalvar reinen i området. Å sjå kalven følgje mora berre to timar etter fødselen, er for meg vitnesbyrd om livets under. Fisketur frå Blådalen til Vona via Longvasshytta, kan vere ein god måte å presentere det store vassdraget på. Terrengløp er i vinden. Kanskje «Klypeløpet» til Fjellhug Vereide IL frå Traudalen til Gjengedalen, kan arrangerast på nytt? Botnafjellet er underkjent, for meg er det reine Himmelberget!

Idear frå den unike fjordheimen, er ikkje mangelvare. Spørsmålet er vel først og fremst om det er mogleg å finansiere eit bokprosjekt? Fordelen vår er at vi allereie har ein liten bank av foto og reportasjar frå særleg Ålfotbreen landskapsvernområde. Som nemnt må vi supplere og bygge ut med nye reportasjar, men kostnaden vil først og fremst vere utforming og trykking av boka. Dersom det er interesse for bokideen, kan eg kalkulere og vurdere eit budsjett for prosjektet. Om ynskjeleg, kan eg sjølvstilt stille på styremøte med ein grundigare presentasjon.

*Ein ting er eg i alle fall sikker på. Dei to landskapsvernområda er så unike og mangfaldige at fleire burde få oppleve dei. Ei felles bok med fakta, foto og opplevingshistorier kan bli eit nytt bidrag til besøksstrategien.*

*Beste helsing  
Arve Sandal*

**Saksopplysningar:**

- Reportasjane som Arve syner til ligg alle opent og tilgjengelege på [www.alfotbreen.no](http://www.alfotbreen.no). Dei vil vere med som ein del av innhaldet på den nye nettsida som vi er i ferd med å lage.
- Eit slikt bokprosjekt med ei kommersiell bok, utgjeven på forlag og i vanleg sal, vil ein truleg ikkje kunne finansiere over tiltaksmidlane som styret får frå Miljødirektoratet. Det må i so fall avklarast med Miljødirektoratet, men prosjektet vil truleg ikkje vere innanfor føringane for bruken av desse midlane.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	12/20	18.05.2020

## Ålfotbreen verneområdestyre - Strategisk plan for styreperioden

### Vedtak

Styret ønsker å heve statusen på Ålfotbreen landskapsvernområde til nasjonalpark. Dette kan gjerne skje i samarbeid med ev. tilsvarende prosess for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, men kan også gjelde berre Ålfotbreen landskapsvernområde.

Styret ber styreleiar og områdeforvaltar følgje opp dette vedtaket opp mot kommunane, fylkeskommunen, øvrige myndigheiter, grunneigarar mv. Når dette spørsmålet og ev. vidare prosess er meir avklara ila 2020 vil ein vurdere korleis ein arbeider vidare med gjeldande planar for landskapsvernområdet og revidering av desse.

### Saksutgreiing

Styret sit i ein fireårsperiode, fram til nytt styre vert oppnemnt etter valet hausten 2023. Styret skal både jobbe med den "daglege" forvaltninga av verneområde, men kan og jobbe strategisk og langsiktig med utvikling av verneområdet i ein eller annan retning. Det er sjølvstøtt eit vilkår at ei slik utvikling ikkje går ut over verneverdiar eller verneføremål og er i tråd med rikspolitiske retningslinjer.

### Styringsdokument

Verneområdeforvaltninga bygger på nokre styrande og støttande dokument, som skal gjere forvaltninga meir effektiv og føreseieleg. Nokre av dokumenta skal reviderast med jamne mellomrom.

### Verneforskrift

Verneforskrifta er det viktigaste dokumentet som gjeld særskilt for verneområdet. Alle verneområde har si eiga forskrift. Alle vedtak i enkeltsaker skal i utgangspunktet heimlast i verneforskrifta. Det er ikkje lagt opp til å revidere denne. Forskriftsendring må opp for Kongen i Statsråd, og er ein ganske omfattande prosess som Miljødirektoratet eventuelt må køyre. Direktoratet har likevel eit visst mandat til å gjere mindre endringar. Verneforskrifta er frå opprettinga av verneområdet i 2009.

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er utfyllande til verneforskrifta. Den skal gje ei føreseieleg forvaltning og gje informasjon til brukarar og andre aktørar. I enkelte tilfelle er forvaltningsplanen juridisk

bindande. Utarbeiding og revidering av forvaltningsplan er forvaltningsstyresmakta, altså styret, sitt ansvar. Planen skal i utgangspunktet reviderast kvart 10. år. Revidering er til dels omfattande planprosess, som ein må rekne med tek 1-2 år.

Forvaltningsplanen er frå 2015. Mykje av innhaldet vart skrive tilbake i 2010.

### Besøksstrategi

Besøksstrategien er eit dokument som seier noko om korleis forvaltningsstyresmakta vil ta i mot og handtere dei som besøker verneområdet. Prinsippet i besøksstrategiane er å gje dei besøkande gode opplevingar og legge til rette for lokal verdiskaping, men utan at det går ut over verneverdiane.

Strategien skal i utgangspunktet reviderast kvart 10. år. Besøksstrategien for Ålfotbreen var ny i 2019.

### Tiltaksplan

Ålfotbreen har ein enkel og "dynamisk" tiltaksplan som fungerer som eit vedlegg til forvaltningsplanen. Tiltaksplanen vert oppdatert og revidert vesentleg hyppigare enn forvaltningsplanen. Tiltaksplanen dannar, saman med besøksstrategien, grunnlaget for søknad om tiltaksmidlar kvart år.

Tiltaksplanen vart oppdatert og revidert i 2019.

### Retningslinjer

Ålfotbreen verneområdestyre har laga retningslinjer/rutiner for enkelte tema. Til dømes:

- Retningslinjer for dronesaker
- Instruks for handtering av ulovlege forhold

Er der styringsdokument som må eller bør reviderast i løpet av perioden? I so fall bør det settast opp ein tidsplan for prosessen.

## **Strategisk arbeid**

Styret kan gjerne no heilt i starten av styreperioden, diskutere kva ein ynskjer å oppnå i løpet av perioden. Her står styret i utgangspunktet ganske fritt, so lenge det er i tråd med vedtekter, verneforskrift og ein held seg innanfor budsjett og rammer frå Miljødirektoratet.

Strategisk arbeid kan til dømes vere

- planer (som nemnt over) og strategiar
- kartlegging
- kommunikasjons- og informasjonsarbeid
- samarbeid med andre styre og instansar
- kompetanseheving
- utvikle forvaltninga i ei ønska retning

Dette må skje på sida av den "daglege" forvaltninga. Førsteprioritet vil heile tida vere å ha ei fagleg forsvarleg forvaltning innanfor rammene til forvaltningslova. I Ålfotbreen er saksmengda normalt sopass låg at ein likevel har rom for å tenke litt større og lengre enn den vanlege sakshandsaminga.

Utval	Utvallssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	13/20	18.05.2020

## Ålfotbreen verneområdestyre - Møteplan andre halvår 2020

### Vedtak

Verneområdeforvaltar set opp dei aktuelle datoane i ein «Doodle»-undersøking og sender dei ut til styret.

Frist for å svare på Doodle vert 15. juni.

### Saksutgreiing

Møteåret er allereie halvvegs, men det er likevel greitt å få satt datoane for dei to siste møta i år.

I tillegg til å sette dato kan styret gjerne ta stilling til

- korleis møtet skal gjennomførast
- kor møtet skal vere
- om det skal vere synfaring, tur eller liknande i samband med møtet

Forvaltar har gått gjennom møteplanar i kommunar og fylkeskommune, og funne aktuelle datoar på dei tidene kor det er naturleg å legge møta ut i frå årshjulet.

### Styremøte 3/2020

Eg håpar vi kan ha dette møtet som fysisk møte. Det er dessutan ei fin tid for ei synfaring. Ein kan mellom anna sjå på tiltak som er gjort eller er under gjennomføring.

Aktuelle datoar:

31.aug, 1.sept, 7. sept, 8. sept, 14. sept, 18.sept, 21.sept, 22. sept.

### Styremøte 4/2020

So seint på hausten er det mest praktisk med møte innandørs. På dette møtet skal vi mellom anna sette opp søknad om tiltaksmdlar for 2021. Dersom det høver so brukar vi å kombinere dette siste møtet for året med ein juletallerken eller liknande.

Aktuelle datoar:

16. nov, 17. nov, 18. nov, (20. nov), 23. nov, 24. nov, (27. nov), 30. nov, 1. des, 2. des, 4. des, 7. des, 8. des, 9. des, 11. des.

(Ein av dei to datoane i parentes vert det truleg møte i Naustdal-Gjengedal vo-styre).

Styremedlemmene sjekkar datoane før møtet og ser kva som passar og ikkje.